

# Merknadsrapport, førehandsvarsel catskiing i Vang kommune

Den 12.09.19 vart det sendt ut førehandsvarsel om at Vang kommune har starta arbeidet med lokal forskrift om catskiing, samt at det vart sett inn ei annonse i Avisa Valdres. I førehandsvarselet vart det sett ein frist for innspel til 7.10.19. Sakshandsamar fekk i mellomtida tilbakemelding frå organisasjonar som ba om å få tilsendt eit slikt førehandsvarsel. Sakshandsamar vurderte dette og sendte ut førehandsvarsel på ny runde til to statlege etatar og fire organisasjonar som ikkje var inkludert i førehandsvarselet den 12.09.10, med frist for innspel 21.10.19. Innspela som kom ligg i sin heilskap i dokumentet *Samla innspel frå førehandsvarsel*.

## Innhold

DNT Valdres.....	1
Lien og Torpe Sameige.....	1
NVE.....	1
Tyin-Filefjellhytteforum .....	2
Forum for natur og friluftsliv .....	2
Fylkesmannen i Innlandet.....	2

## DNT Valdres

Rådmannen sin kommentar:

- 1. Ved å avgrense talet turar og setje bestemte tidspunkt for når turane kan gjennomførast blir det vurdert at verknaden på friluftsliv blir halde på eit moderat nivå.*
- 2. Videre blir det vurdert at punkta som DNT Valdres lister opp som «andre momenter» er teke omsyn til i utarbeida forskrift.*

## Lien og Torpe Sameige

Rådmannen sin kommentar:

*Innspel blir teke til følgje og løypetrase for catskiing vil ikkje leggjast på eigendomen til Lien og Torpe Sameige.*

## NVE

Rådmannen sin kommentar:

*Innspelet frå NVE er teke til orientering.*

## Tyin-Filefjellhytteforum

Rådmannen sin kommentar:

*Det er i forslag til forskrift sett ei grense på talet turar per dag og bestemte tidspunkt turane skal gjennomførast.*

## Forum for natur og friluftsliv

Rådmannen sin kommentar:

- 3. Ved å avgrense talet turar og setje bestemte tidspunkt for når turane kan gjennomførast blir det vurdert at verknaden på friluftsliv blir halde på eit moderat nivå.*
- 4. Det er gjort vurdering av naturmangfaldet og ein ser at det er særskilt lirype og fjellrype som vil bli påverka av beltebilløypene. Det er føreslått at ein avgrensar periode for catskiing til 20. april i omsyn til lirype og fjellrype.*
- 5. Det er tryggleiksutfordringar med å opne opp for catskiing. I forslag til forskrift kap. 4 er det føreslege krav til den som driv persontransport. Det er krav om skriftlege rutinar for beltebilløypa og nedkøyinga. Med desse krav vurdere ein at ein klarer å halde kravet til tryggleik på eit akseptabelt nivå.*

## Fylkesmannen i Innlandet

Rådmannen sin kommentar:

*Rådmannen tek innspelet til orientering.*